



Molde, 9 sept. 2022

# Forslag grense- og forskriftsendring Surna naturreservat

## Høring

Vi viser til høring av ei grense- og forskriftsendring for Surna Naturreservat.

Denne uttalen er drøfta med BirdLife Møre og Romsdal.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal og Birdlife Møre og Romsdal har tidlegare år (eks 27.04.2015 og 24.07.2019) meint noko om verneområda ved Surna. Då naturen ikkje nødvendigvis skiljer mellom aug. og sept. månad tek vi oss den friheita og melde inn noko no sjølv om det er etter høyringsfristen (20 aug.) då skrivefristen vel er seinare.

I tidlegare brev (27.04.2015) er det meldt inn at bestandsnedgang av fugl i det konvensjonelt drevne kulturlandskapet er eit nasjonalt problem, som har medført at bl.a. vipe og storspove er klassifisert som truga/sterkt truga artar. Saman med raudstilk og småspove var desse artane tidlegare utbredt langs Surna, men tilbakegang har vore markert over lang tid. Artsdatabanken forklarar den negative utviklinga med biotopendringar pga omlegging i driftsformene. Eit tiltak for å hjelpe fugl i dyrelivsfredningsområdet er difor å legge til rette for mindre intensive driftsformer i randsonene mot strandeng/flaummark. Her bør ein unngå bruk av kunstgjødse, og legge til rette for utsatt slått. Dette vil vere ein form for biotop-restaurering som bl.a. vil vere til hjelp for bakke-rugande fugl.

Dette innspelet vart besvara av Fylkesmannen i brev av 24.07.2020 der det mellom anna stod;

*«Vi kan ikkje bruke verneforskrifta til å gjere gjennomgripande endringar i jordbruksdrifta inntil Sæterøya, men utanfor naturreservatet. Bruk av kunstgjødse, plantevernmiddel og tunge jordbruksmaskinar vil måtte regulerast etter lov- og tilskottsverk innan landbruket, men det er nokre ordningar som landbruksstyresmaktene kan bruke.»*

Vi forstår jo for så vidt dette svaret utan at det nødvendigvis løyser floka. Så då er vi tilbake til at om ein skal ta vare på natur må ein verne den natur som trengs. Og i dette tilfellet må ein vere i stand til å ta tilbake landbruksareal til natur då verkemidla knytt til landbruksdrifta tydelegvis har spelt fallitt. Det betyr i praksis at ein del areal som er fulldyrka i dei seinare år må tilbakeførast til beitemark (beiting i deler av året) eller til våtmark.



Det er no ein gong slik at skal artar leve så må dei ha leveområda sine på stell – dei treng areal. Vi trur ikkje at rev og kråke er årsak til tilbakegang til dei ovanfor nemnde artar. Vi trur heller ikkje at jakt i reservat/dyrelivsfredningsområde er naudsynt. Dette er ikkje kunnskapsbasert forvaltning slik vi oppfatter det og leiar merksemda vekk frå elefanten i rommet; kampen om areala.

I 2022 står vi i starten på FN sitt internasjonale tiår for naturrestaurering (2021-2030). Restaurering av natur er en forutsetning for å nå FN's berekraftsmål. Å restaurere natur betyr å gjenopprette og forbetre økologisk tilstand og naturverdier i områder som er øydelagte. Forskerne i naturpanelet (IPBES) og klimapanelet (IPCC) har slått alarm om naturens tilstand på jorda. Det er ikkje lenger nok å bevare natur – vi må i tillegg restaurere det som er ødelagt.

Naturrestaurering handler om politikk, forvaltning, forskning og praktiske løsninger. Kunnskaps- og erfaringsformidling på tvers er avgjerande for at vi når Norges miljømål om god tilstand i økosystema. Statsforvalteren har jo no erfart korleis ein restaurer myr etc og tida er vel moden no også å driste seg inn i landbruket sitt kulturlandskap. Vi meiner at dette skylder vi til dømes vipa som no er kritisk trua nett her i fylket og der Surnadal har ein restpopulasjon. Vi vil her vise til OUM RAPPORTSERIE RAPPORT nr. 2-2020 Vipe og storspove i kulturlandskapet 2018-20 - Ei kartlegging i 12 utvalgte kommuner i Møre og Romsdal (sjå [https://www.nofmr.no/images/oum-rapporter/pdf/Rapport\\_2020\\_nr\\_2-2020\\_fr%C3%A5\\_OUM\\_Ornitologiske\\_unders%C3%B8kingar\\_M%C3%B8re\\_og\\_Romsdal.pdf](https://www.nofmr.no/images/oum-rapporter/pdf/Rapport_2020_nr_2-2020_fr%C3%A5_OUM_Ornitologiske_unders%C3%B8kingar_M%C3%B8re_og_Romsdal.pdf)).

## Konklusjon

Vi ser at landbruksmyndighetene ikkje greier med sine verkemiddel å løyse ein del artar sine behov med dei verkemidlene dei har. Difor ber vi vernemyndighetene om å sjå på grensene for naturreservata på ny og vurdere kva landbruksareal som bør vernast for å restaurerast.

Helsing

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

*Ingbjørn Bredeli*

Fylkeskoordinator  
FNF Møre og Romsdal



Kopi: Surnadal kommune